

Hei

På vegne av Radøy Ungdomsråd vil me foreslå ein helsestasjon for ungdom på Radøy. Dette tilbudet ser Ungdomskoordinatoren og ungdommen med fleire, som naudsynt. Tilbodet for Vgs-elevar er relativt godt med tanke på helsestasjonen som ligg i Knarvik. Elevane på ungdomsskulen har derimot ikkje eit like godt tilbod. Dei må reise til Knarvik etter skuletid med buss. Dette førar til at elevane lyg til foreldra sine, samt at vegen til helsestasjonen vert utrygg. Elevane reisar til Knarvik der dei skal møte ei helsesøster eller ein lege dei aldri har sett før, som igjen gjer det ekstra vanskeleg.

Me forslår at turnuslegar, og eller helsesøster startar seinare på jobb, og med dette flyttar arbeidstida til seinare på dagen. Tilbodet kan vere ein dag i veka, til dømes torsdag i samband med ungdomsklubben. Eventuell kontaktperson kan opphalde seg på helsesøster sitt kontor på ungdomsskulen eller legesenteret. Me tenkjer at tilbudet kan vare frå til dømes 14:30-17:00. Håpar dykk stiller dykk positiv til dette forslaget, for me ser dette som eit særst viktig tilbod i kommunen.

Mvh

Ingvild Brattetaule

Mariell Lilletvedt Elvik

v/ Radøy Ungdomsråd